Jarl-Erik Fosse
Sanddalsvegen 17
5221 NESTTUN

| Referanser: | Sakshandsamar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Thomas Skår | 05.05.2021 |
| Vår: 21/378 - 21/4162 | thomas.skar@masfjorden.kommune.no | |

# Førebels svar - søknad om oppføring av tilbygg fritidsbustad gbnr 50/17

Viser til mottatt søknad om oppføring av tilbygg til fritidsbustad gbnr 50/17.

**Gjeldande plangrunnlag**: Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel, vedteken av Masfjorden kommunestyret 09.05.2020 i sak 021/19. Eigedomen er avsett til landbruk,- natur, og friluftsliv jf. pbl § 11-7 nr 5. Utgangspunktet er at i desse områda er det berre tillate med tiltak knytta til stadbunden næring. Tiltaket er dermed i strid med LNF-føremålet og krev difor dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova § 19-2.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Ber om at det vert sendt inn grunngjeven dispensasjonssøknad der det vert gjort rede for kva det søkjast dispensasjon i frå (LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen) og kva grunnar som talar for at det bør gjevast dispensasjon i dette konkrete tilfelle. Grunngjeving må byggje på spesifiserte, klare og relevante omsyn til tiltaket.

Når kommunen mottar grunngjeven dispensasjonssøknad vert denne sendt på høyring til berørte regionale og statlege myndigheiter før kommunen behandler søknaden administrativt.

Ta kontakt dersom noko er uklart.

Med helsing

Thomas Skår
sakshandsamar
*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Kopi til:**
**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jarl-Erik Fosse | Sanddalsvegen 17 | 5221 | NESTTUN |